

Vedtekter for Nordfjorrådet

Framlegget er tilrådd av Nordfjorrådet i møte den 3. april 2013, sak 7/13.

Kap. I Allmenne tilhøve

§ 1 Deltakande kommunar

Nordfjorrådet er eit interkommunalt råd der kommunane Vågsøy, Selje, Eid, Gloppen, Hornindal og Stryn deltar.

Rådet er oppretta med heimel i kommunelova sin § 27, nr. 1.

§ 2 Formål

Nordfjorrådet skal vere ein interesseorganisasjon for alle dei deltakande kommunane på alle område og alle plan, og skal dessutan vere eit organ for løysing av fellesspørsmål og oppgåver for dei same kommunane.

§ 3 Medlemskap, utmelding, oppløysing

Kommunestyret i den einskilde kommunen gjer vedtak om innmelding i Nordfjorrådet og godtek med det vedtektene for rådet.

Dersom ein kommune ynskjer å gå ut av Nordfjorrådet må kommunestyret gjere vedtak om dette. Kommunen går då ut av Nordfjorrådet etter 6 mnd. varsel.

§ 4 Endring i vedtektene

Etter framlegg frå Nordfjorrådet kan desse vedtektene endrast når kommunestyra i alle medlemskommunane vedtek det.

Nordfjorrådet kan la ein kommune velje mellom å godkjenne føreslått vedtekstendring eller gå ut av Nordfjorrådet.

Kap. II Organisering, arbeidsform

§ 5 Samansetning av Nordfjorrådet

Dei til ei kvar tid fungerande ordførarane i dei deltakande kommunane utgjer medlemmene av Nordfjorrådet. Varaordførarane er personlege varamedlemmer for sine ordførarar.

Nordfjorrådet vel mellom medlemmene sine ein leiar og ein nestleiar. Valperioden for desse fylgjer ordførarvalperioden i kommunane. Leiaren og nestleiar vert valt for 2 år.

Avgåande leiar kallar inn til konstituerande møte ved kvar slik valperiodestart.

Administrasjonssjefane i medlemskommunane har møte- og talerett i rådet.

§ 6 Verksemda i Nordfjorrådet

Nordfjorrådet trer saman når rådsordføraren bestemmer det eller når 1/3 av medlemmene krev det. Innkallinga til møte skal skje med minst 8 dagars varsel og skal innehalde oppgåve over dei sakene som skal handsamast.

Nordfjorrådet gjer sine vedtak i møte leia av leiar eller nestleiar dersom rådsordføraren har forfall. Dersom ingen av desse er med i møtet vel rådet ein setterrådsordførar for vedkommande møte.

Fylkesmann, fylkesordføraren og fylkesrådmannen kan delta i rådsmøta.

Vedtak i Nordfjorrådet vert gjort etter konsensus prinsippet. Alle vedtak må vere samrøystes.

Det skal først protokoll frå møta der alle sakene som er drøfta og vedtak som er fatta blir ført inn. Møteleiaren er ansvarleg for at denne blir ført på ein forsvarleg måte. Protokollen skal sendast alle rådsmedlemmene med varamedlemmer dei deltakande kommunane, fylkesmannen, fylkeskommunen, avisene i Nordfjord og NRK Sogn og Fjordane.

Leiar er ansvarleg for at verksemda i Nordfjorrådet føregår i samsvar med vedtektene og god forvaltningsskikk. Leiar skal vidare sjå til at det for kvart år blir utarbeidd årsmelding for verksemda i rådet, som blir å sende medlemskommunane til orientering.

§ 7 Arbeidsutval

Nordfjorrådet kan oppnemne eitt eller fleire arbeidsutval for faste sektortema.

Rådet kan også oppnemne eigne utval til å utgreie spesielle saker.

Kap. III Sekretariat

§ 8 Tilsette

Nordfjorrådet har høve til å tilsetje sekretær og anna nødvendig hjelp innafor dei oppgåvene og det budsjettet som blir

vedteke. Rådet fastset personalramme og løn, og føreteke tilsetjingar og oppseiingar.

Stillingar som blir oppretta skal organiserast i samsvar med det som er bestemt i det kommunale lønsregulativet. Det blir gitt rett til pensjon som for kommunalt tilsette.

Tilsette i sekretariatet skal ha skyss- og diettgodtgjersle for reiser i rådet sitt ærend i samsvar med det regulativet for slikt som til eikvar tid gjeld for tilsette i fylkeskommunen.

I ein periode kan rådet som eit alternativ kjøpe sekretariatshjelp hjå ein av medlemskommunane eller private føretak.

§ 9 Kontorstad

Inntil Nordfjordrådet bestemmer noko anna, skal sekretariatet liggje i og om mogleg, i nær tilknytning til sentraladministrasjonen i kommunen.

Kap. IV Arbeidsoppgåver

§ 10 Arbeidsoppgåver

Nordfjordrådet skal:

- fremje Nordfjord sine interesser i fylkes- og rikssamanheng
- fylgje opp fylkesplanarbeidet
- fremje tiltaksarbeidet i Nordfjord
- arbeide for å betre kommunikasjonstilhøva for Nordfjord
- ta opp saker av felles interesse for samordning av areal- og natur ressursar i Nordfjord
- arbeide for å fremje den sosiale og kulturelle utviklinga i Nordfjord
- utvikle fellesprosjekt av interesse for alle eller nokre av kommunane
- ta opp andre saker av felles interesse i Nordfjord
- uttale seg i høve handsaming i kommunane av einskildsaker av interesse for regionen
- utveksle kompetanse kommunane i mellom.

Kap. V Økonomi

§ 11 Budsjett, finansiering

Nordfjordrådet utarbeider og vedtar for kvart år sitt eige budsjett for den verksemda det har etter vedtektene. Utgiftene blir å fordele etter folketal pr. 01.01 i budsjettåret.

Rådet skal og utarbeide økonomiplan slik at kommunane kan ta omsyn til denne i sin planlegging.

§ 12 Rekneskapsopplegg

Nordfjordrådet ser til at det blir ført eigen rekneskap for verksemda ved ein av medlemskommunane sin kommunekasse.

Årsrekneskapsplan skal reviderast av kommunerevisjonen i Nordfjord og deretter leggast fram for rådet til godkjenning.

§ 13 Godtgjersle til rådsmedlemmene/varamedlemmene/utvalsmedlemmer

Nordfjordrådet kan i samband med budsjethandsaminga fastsetje fast godtgjersle til leiar.

Rådsmedlemmene, varamedlemmer og eventuelle medlemmer i arbeidsutval får som grunnregel dekke sine utgifter til reiser, diett o.a. kostnader dekke av sin heimkommune. I tilfelle noko anna skal leggast til grunn, skal dette vedtakast av rådet.